

Utskrift av møteboka

Hordaland  
28 AUG. 1974  
Landbruksveselskap

FOTOKOPI

for RADØY JORDSTYRE

i møte den 21. aug. 1974.

Av 5 medlemmer var 5

til stades (møtande varamenn medrekna).

66/74. Søknad om frådelling og sal av ein parsell på garden Vågenes, gnr. 30, bnr. 7 med skyldmark 2,16 i Radøy kommune.  
Eigar: Karl Morken, 5120 Manger.  
Kjøpar: Karl S. Morken, Keilveien 17, 6900 Florø.

Frådelinga gjeld ein parsell i bruket si utmark. Det er beitemark, men grunt og svært kupert, og det er søkt på eit areal på omlag 2 da.

Det er son til eigaren som vil ha ein tomt for eiebustad, og frådelinga er ikkje til hinder for vidare drift av bruket.

Det er eit bustadhus i området frå før (sjå kartutsnitt).

Framlegg til vedtak: Jordstyret tilrår frådelinga og salet.

VEDTAK: Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rett utskrift.

RADØY JORDSTYRE, 26. aug. 1974  
Radøy jordstyre  
Jarle Helland  
e.f.

Går til Hordaland fylkeslandbruksstyre,  
Boks 292,  
5001 Bergen.

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland har  
gjeve samtykke til frådelinga og salet.  
Bergen, 16/9 1974

*Olaf Davund*